

Hogne Jarle Straume  
Straumsvegen 9  
5939 SLETTA

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/17126 - 21/17583

Saksbehandlar:  
Mikkel Bengtsson  
[mikkel.bengtsson@alver.kommune.no](mailto:mikkel.bengtsson@alver.kommune.no)

Dato:  
15.03.2021

## Søknad om reduksjon av minsteareal for hjortefellingsløyve

Alver kommune er i ein arbeidsprosess omkring forvaltning av hjort med kommande fastsetjing av kommunal målsetjing for forvaltning av hjort som snart verta send på høyring. Grunneigarar vil verta invitert til å gje innspel. Dette skal sikre at forvaltning av hjort i kommunen i høg grad er basert på innkludering av grunneigaren. Denne kommande kommunale målsetjing vil danne grunnlag for eventuelle endringar i løyve tildelinga for kommande jaktsesong.

Omtalte arbeidsprosess blei starta opp sommaren 2020 med vedtak av FOR-2020-06-25-1562: Forskrift om jakt og fastsetting av minsteareal som grunnlag for tildeling av fellingsløyve på hjort, Alver kommune, Vestland, ikrafttreden 25.06.2020. Forskrifta blei godkjent av kommunestyret etter høyringsrunde kor innkomne høyringsinnspel vart lagt ved saka til politisk vurdering, her under fleire innspel frå interessentar på Straume/ Radøy midtre området. Det blei politisk bestemt at minstearealet for hjort i området omkring hjortevaldet 4631V0016, Nordangervågen blei redusert frå 400daa til 350daa. Saka er derfor avslutta. Dei nye minsteareala i Alver kommune som blei innført med verknad for sesongen 2020 har alle reie bidrige til ny fellingsrekord på 1112 dyr i dei tre samanslåtte kommunane.

Som nemnt i innkomne breve frå Straume området opnar Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 7 for at kommunen kan fråvike det fastsette minsteareal på hjort med 50% opp eller ned for eit bestemt geografisk område i ein bestemt periode, fortrinnsvis eit år. Bruk av 50% regelen kan gjerast på bakgrunn av ulikskaper i arten sine levevilkår i kommunen, bestanden sin størrelse, den skade viltet gjer eller andre ekstraordinære ting.

For Nordangervågen hjortevald har ein brukt 50% regelen i stor grad både før og etter endring av minsteareal.

4631V0016	Minsteareal/ daa	Tildelte løyver	Daa/løyve
2019	400	59	223
2020	350	70	188

Som korrekt nemnt i brev datert 19.10.2020 skal kommunen i si fastsetjing av kommunale mål for bestanden av hjort ta omsyn til opplysningar om blant anna omfang av viltulykker på veg. Til tross for at kommunen slit med at finne dokumentasjon i hjorteviltregistret på nemnte mengde påkørsler på Straume i 2017 og 2018 er det dokumentert stor nedgang i tal påkørsler på Straume i 2019 og 2020, noko som er veldig positivt. Sesong 2020 skal vurderast ut frå korona situasjonen. Totalt sett på kommune nivå er mengden av påkørsler på det lågaste nivå sidan 2016.

Kommunen har stort fokus på skada på avling i jordbruksoppdrag og uttak av dårleg kondisjonerande dyr i bestanden. Det vert i kommande sesong innført vektavhengig fellingsavgift for å stimulere uttaket av desse dyra, iverksett forsøk med el-viltgjerde for å beskytte grasproduksjon samt tiltak til fastslåing av bestandens størrelse, alder- og kjønnsmessig samansetning. Dette vil danna grunnlag for å fastsetja ny avskytningsplan for å forbetra kvaliteten i bestanden og gjera den meir kontrollerbar på sikt.

Administrasjonen har forståing for grunneigar sin logiske konklusjon at einaste løysning ved reduksjon av hjorte bestand er redusert minsteareal og høgare uttak. Resultat frå verkningsfulle reduksjonsavskytingar av hjort i Tyskland og Østerrike viser klart at avskytningsplanen skal ta utgangspunkt i bestanden sin kjønnsammensetning og bestanden sin sosialstruktur, og ikkje i ein planlaus auke i storleiken på uttaket. Kjønn og alderen på dei dyr som vert tatt ut har større betydning enn uttaket sin reelle størrelse. Uttalet skal fokusere på hunndyr og kalv. Når uttaket av hunndyr vert auka er den nødvendige konsekvens at uttaket av kalv aukar markant av dyreetiske årsaker i tillegg til kvalitetssikring av dei kalvane som går opp i fjaringsstadiet. Auken i mengda av avskyting av kalv skal grunneigarar i områder av Alver kommune som ønskjer reduksjon av hjortebestanden vere klar til å akseptera.

Nordangervågen hjortevald har de siste 3 sesongar gjennomsnittleg lagt på ein kjønnsammensetning i avskytinga på 48% hanndyr og 52% hunndyr. Kommunen opnar i stor grad opp for, at ein i samarbeid med hjortevaldet, kan endre kjønn og aldersfordelinga i avskytningen. Dette er avhengig av den kva kommunale målsettingar for forvaltning av hjort ein vert samde om. Slik kommunen ser det bør kvaliteten i bestanden forbetraast og det vil gje eit meir effektivt produksjonsapparatet i den lokale bestand. Det vert færre dyr overvintrende dyr, i betre kondisjon og dette kan redusera skadetrykket på landbruksoppdraget. Beitefeltboden er den viktigaste enkeltfaktoren for utbreininga og tettheit av hjort korleis Straume området alltid vert eit interessant område for hjort. Utfrå «Hordahjort» prosjektet og «Sympatiske bestander av hjort og rådyr, valg av habitat og høstbeite» vil ein jamn kjønnsammensetning i bestanden betre utnytta kjønnsforskellene i bruk av habitater og spreie beitetrykket.

Mykje forsking omkring forvaltning av hjort har vore produsert sidan Direktoratet for vilt og ferskvannsfisk presenterte deira anbefalingar kring forvaltning av hjort, før dei i 1985 blei lagt inn under Direktoratet for naturforvaltning. Mange norske kommunar har i nyare tid forsøkt å redusere eller i beste fall få bestanden av hjort under kontroll. Inntil videre har ingen umiddelbart lykkast. Hjorteforvaltninga i Alver kommune skal baserast på den nyaste forsking innanfor reduksjons og avskytningsprosjekt frå innland og utland som kan dokumentera at den virkar til å skapa ein dynamisk hjortebestand i betre balanse med det habitat den lever i.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Mikkel Bengtsson  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hogne Jarle Straume  
Martin Soltveit

Straumsvegen 9

5939 SLETTA